
Sluttrapport

Søknadstype	Sluttrapport
Prosjekttittel	Tidlege bokormar i Stryn
Mål for prosjektet	Stryn bibliotek ynskjer å gjennom aktiv formidling og utprøving av nye formidlingsmetodar å - forankre biblioteket som ein naturleg samlingsplass - gjere biblioteket sine tilbod betre kjend i målgruppene - medverke til auka leselyst og lesedugleik blant barn og unge i kommunen. Gjennom utvida samarbeid med barnehage og skule ynskjer vi å utvikle tilbodet til barn i ulike aldrar, prøve ut ulike formidlingsmetodar og teknikkar og finne ut kva som fungerer godt og mindre godt til dei ulike aldersgruppene.

Sluttrapport

Stryn bibliotek fekk tildelt 50 000 kr i midlar frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet "Tidlege bokormar i Stryn". Vi søkte opphavelag om kr 190 000,- og var nøydde til å moderere prosjektet litt då vi ikkje fekk så mykje midlar som vi hadde søkt om. Men gledeleg nok fekk vi også kr 120 000 i utviklingsmidlar frå kommunen som gjorde at prosjektet vart gjennomført omlag som planlagt.

Målgruppa vår var barn og unge frå under barnehagealder til barn i grunnskulen. I den opphavlege prosjektplanen hadde vi lagt opp til at litteraturformidlinga også kunne gå føre seg på meir utradisjonelle stadar som ute i naturen, på ein gamal låve etc. Vi hadde også som mål å få til eit lite samarbeid med kulturskulen på nokre områder. Då vi fekk tildelt ein god del mindre midlar enn vi hadde søkt om sendte vi inn ein revidert prosjektplan der vi såg at vi var nøydde til å redusere ambisjonane litt. Vi har difor ikkje fått gjennomført samarbeid med kulturskulen og stort sett hatt formidlingsstundane på skular, barnehagar og på biblioteket.

Vi hadde i liten grad drive med formidling utanfor biblioteket tidlegare, pga. knappe ressursar. No var målet å komme seg rundt til skular og barnehagar i heile kommunen for å auke leselysta blant barn og unge. På grunn av midlane vi fekk tildelt av Nasjonalbiblioteket og kommunen kunne vi auke opp stillingsprosenten til ein av bibliotekarane med 20 % som berre skulle brukast til formidlingsoppgåver. Vi skjerma denne stillingsprosenten heilt frå det "vanlege" bibliotekararbeidet slik at bibliotekaren skulle ha både tid til å planlegge og gjennomføre formidlingsoppgåver.

Prosjektet vart ein stor suksess frå første start. Bibliotekaren vår reiste rundt til skular og barnehagar i vår langstrakte kommune der barna sjeldan fekk høve til å besøke biblioteket, ho arrangerte

lesestunder på biblioteket for barnehagebarn i kommunen, og ho reiste på foreldremøter i skular og barnehagar for å formidle leseglede og litteratur. Lesestundar på biblioteket hadde vi fast ein gong i månaden for barnehagebarn. Her kom det oppimot 40 barn kvar gong, og vi måtte fleire gongar sette opp ekstra lesestunder fordi det var så mange som ville komme. I tillegg var bibliotekaren ute i skular og barnehagar og hadde eigne formidlingsstunder nesten ein gong i veka. Dette hadde vore etterlengta, og barna storgledde seg til kvart besøk. Dei gode tilbakemeldingane let heller ikkje vente på seg. Vår bibliotekar hadde aldri problem med å fylle stillingsprosenten som vart avsett.

Då statistikken for 2015 var klar viste det seg også at biblioteket hadde hatt ei auke i lån til barn og unge med nesten 30 %! Dette trur vi i hovudsak skuldast formidlingsprosjektet og den auka merksemda rundt biblioteket.

Vi fekk veldig god omtale av prosjektet i lokalavisa. Dette vart også fulgt opp av barnehagar som seinare var ute og roste prosjektet i same avis. Vi informerte breidt om prosjektet til politikarar og administrasjon. Det at biblioteket også hadde så mange fleire arrangement vart også lagt merke til. All den positive omtala av prosjektet gjer også at vi har større håp om å få tilført stillingsauke til biblioteket på fast basis. Både politikarar og administrasjon har blitt meir merksame på det positive arbeidet som blir gjort på biblioteket for å styrke lesegleaden hos barn og unge. Biblioteksjef har også i ettertid vore ute i lokalavisa og andre medier i fylket og informert om prosjektet.

Vi fekk dessverre ei sjukmelding på bibliotekaren som dreiv med formidlinga dei siste månadane av 2015. Dei resterande midlane som stod att frå kommunen si side vart sett over på fond slik at vi frå hausten av skal starte oppatt med prosjektet. Dette ser vi fram til for det har vore mange spørsmål i etterkant frå skular og barnehagar om vi ikkje skal halde fram.

Søker

Organisasjonsopplysninger

Organisasjonsnavn	Stryn bibliotek
-------------------	-----------------

Organisasjonsnummer	
---------------------	--

Kontonummer	
-------------	--

Institusjonens leder	
----------------------	--

Fornavn	Kristin
---------	---------

Etternavn	Hatledal
-----------	----------

Telefon

E-post

Er institusjonens leder kontaktperson for
prosjektet?

Budsjett

Tildelt beløp fra Nasjonalbiblioteket for 50000
alle prosjektårene:

Vedlegg

Vedlegg

- [Rekneskap-tidlege-bokormar.docx](#)